

HØYRINGFRÅSEGN FRÅ HÅ KOMMUNE OM:

ØSTBERG-UTVALET SI INNSTILLING:

NOU 2010: 7 – **MANGFOLD OG MESTRING.**

FLERSPRÅKLIGE BARN, UNGE OG VOKSNE I

OPPLÆRINGSSYSTEMET

Hå kommune har innbyggjarar frå mange land. Mottakssenteret på Nærland har fungert i to omganger. Samstundes har unge og eldre, særleg kurdarar og eritrearar, busett seg i kommunen dei siste 20 åra. I den seinare tida er det kome mange arbeidsinnvandrarar med og utan familiar frå Polen og dei baltiske landa.

Totalt reknar kommunen med ca 30 nasjonalitetar i forskjellige forhold.

Hå kommune vil gi slik uttale til utgreiinga:

I det store og heile vil Hå kommune støtta utvalet sine hovudkonklusjonar. Kommunen vil kome med kommentarar i enkelte av kapitla.

Hå kommune merkar seg at forskinga har vist at det tar 5-7 år å læra seg eit andrespråk så godt at det fungerer ssom fullverdig opplæringspråk. Kommunen vil hevda at då tilskotet til minoritetsspråkleg undervisning vart langt inn i rammetilskotet, dekkja det bare om lag 50 % av dei verkelege kostnadene.

Kapittel 4: Minoritetsspråklege elevar og betydningen av sosial bakgrunn.

Mange faktorar har betydning for elevane sitt læringsutbytte. Sosial bakgrunn og språk spelar den største rolla.

Hå kommune har hatt morsmålsundervisning og to-språkleg undervisning i eit visst omfang om lag i 20 år. I dei første åra foregjeikk denne undervisninga for grunnskuleelevar dels etter skuletid, dels i skuletid. Seinare vart det meste av undervisninga lagt til skuletid på den enkelte skulen. Nokre skular samarbeidar om to-språkleg undervisning på ein skule, medan andre skular har slått seg saman og sender elevane til eige lokale for halvdelan av skuledagen. Morsmålsundervisning for skuleelevar etter skuletid er for lengst forlatt. I den grad ressursar strekkjer til, vert morsmålslærarar knytta til skulane for å støtta opp om norskopplæringa.

Kommunen har til nå vore av den oppfatning at det er viktig at grunnskule-elevane får høyre til det store sosiale felleskapet som skulen utgjer i kretsen. Gjennom klassekameratar og vaksne i ulike faglege og sosiale samanhengar kan kontaktar knytast og lettare leia til engasjement i lag og organisasjonar i lokalsamfunnet. Mange elevar av same språkgruppe på ein skule kan ofte føra til små gjengdanningar og lite språklege utfordringar for den enklete i fri tid. Når det er sagt, skal ein alltid vera mersam på behovet for tilhøyring og tryggleik.

Kapittel 5: Den språklege situasjonen.

Morsmåslærarar på den enkelte skulen er svært verdifulle. Desse kan bl. a. brukast inne i klasserommet når eleven har undervisning i stor gruppe, i små grupper utanfor og i eineundervisning. Morsmåslærarrolla må styrkast for å kunna byggja opp om norskopplæringa for den enkelte eleven.

Kapittel 7: Barnehage og andre tilbod i førskulealder.

Kommunen er samd i at det må leggjast til rette for tiltak for minoritetsspråklege barn tidleg i deira livsløp.

Kommunen vil støtta forslaget om fjerning av kontantstøtte og innføring av gratis tid på 20 timar per veke i barnehagen for dei minoritetsspråklege barna. Planar og praksis i barnehagane legg særleg vekt på språkstimulering frå første dag i tillegg til det faglege, sosiale og kulturelle aspektet.

Verdien av morsmåsoplæring for å læra norsk er vel kjend og dokumentert på alle nivå. Dessverre vil den økonomiske stoda i kommunane føra til at dei først og fremst prioriterer norskopplæringa. Ressursane strekk med andre ord ikkje til dei gode språkintensjonane.

Det vil ikkje vera nødvendig med eiga formulering i barnehagelova for å leggjast vekt på plikta til språkstimulering for minoritetsspråklege.

Kapittel 8: Minoritetsspråklege elevar i grunnskulen.

Eksisterande opplæringslov dekkjer alle rettane til elevane , også minoritetsspråklege. Det trengst ikkje ytterlegare presisering omkring begrepet om likeverdig og tilpassa opplæring.

Som nemnt tar det lang tid å læra eit nytt språk, - 5-7 år. Den store utfordringa framover er å få kvalitet i opplæringa - tilstrekkelege ressursar til forskjellige organiseringar og ressursar til kompetanseutvikling – med siktemålet å læra norsk.

Hå kommune sluttar seg til forslaget om fortsatt ekstra opplæring i norsk og morsmål etter overføring til ordinær undervisning der opplegga i kommunane tilseier det.

Gratis SFO kan også kommunen slutta seg til såframt ressursane er til stades.

Hå kommune støttar sterkt forslaget om utvikling av eigna kartleggingsverktøy for minoritetsspråklege elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring tilpassa desse skuleslaga og elevane sine behov.

Kommunen vil også støtta at den nye læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar i hovudsak vert brukt i særskild norskopplæring. Om den vert obligatorisk vil det føra til store utfordringar.

Det må vera eit overordna mål at færre barn og unge vert vist til det spesialpedagogiske hjelpeapparatet. Læreplanen (den nivåbaserte overgangsplanen) , bedre kartlegging og oppfylgjingstiltak vil kunna bøta på dette.

Med knappe ressursar vil kommunen (institusjonane) først og fremst prioritera opplæring i norsk. Morsmåsoplæring, om enn så verdfull, vil måtta kome i andre rekke.

Når det gjeld eventuelt høve til val av morsmål – i tillegg eller i staden for – andre språk og valfag, er kommunen av den meining at gjeldande føringar for opplæring i språk og fag bør stå ved lag.

Kapittel 10: Innføringstilbod for nyankomne elevar.

Hå kommune meiner at kommunane må ha temmeleg fritt spelerom når det gjeld organiseringa av undervisninga for elevane. Det er store variasjonar i geografi, kultur og kompetanse i landet. Innføringsklassar kan vera det rette for enkelte kommunar, andre ikkje.

Kommunane må kunna styra elevane dit det er mest formålstenleg. Rigide transportordningar (bussing til og frå heimeskule – språkskule) må ikkje vera til hinder for maksimal undervisnings-tilrettelegging med halve dagar i dei kommunane/kretsane der det synest fungera best.

Kapittel 11: Opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringslova.

Hå kommune er vel innforstått med behovet for kvalitet i norskopplæringa for vaksne.

Kommunen vil støtta framlegga til utvalet med omsyn til introduksjonsprogram, opplæringstilbodet til kvinner og nettbaserte opplæringstilbod.

Kapittel 12: Introduksjonsordning og opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Etter intensjonane i Lov om introduksjonsordning, var det svært viktig at dåverande aetat, nå NAV, vart ein samarbeidspartnar gjennom heile programperioden. Den individuelle planen til deltakaren, med ønske og mål bygt på deltakaren sin eigen kompetanse, må tidlig setjast i fokus hos programrådgivar og hos saksbehandlaren i NAV.

Det er viktig å stimulera og motivera kvinner til vidare utdanning og til arbeid. Det bør satsast på stimuleringsiltak av ulike slag. Vi har vel pr. i dag ingen gode forslag til kva og kva for nokre, men midler avsett til auka interesse i institusjonar og bedrifter for å tilsetja kvinner, trur vi er av stor verdi.

I praksis viser det seg svært vanskeleg for vaksne minoritetsspråklege elevar å nå eit mål om fagbrev. Vi stiller spørsmålet om det er muleg å arbeida for å kunne gi deltakarane delkompetansebevis. Om dei ikkje har grunnlag i dei teoretiske faga som normalt vert kravt, kunne det sikkert la seg gjera at dei fekk eit meir omfattande praktisk tilrettelagt kurs i arbeidsoppgåver innanfor særlege arbeidsområde. Ein del av introduksjonsprogrammet kunne altså tenkjast meir relatert til arbeidslivet og praktisk opplæring. Vi tenkjer kanskje spesielt på industribedrifter innanfor eksempelvis næringsmiddelindustri, tømrarfag og andre entreprenørfag.

Det hadde vært særleg gunstig om eit delkompetansebevis kunne formaliserast.

Vi støttar forslaget om utviding av rett og plikt til opplæring fra 300 til 600 timar.

Kapittel 14: Overgangar mellom opplæringssystemet sine nivå.

Hå kommune støttar utvalet si innstilling om å sikra overgang mellom skuleslag. Det er viktig at det vert utarbeidd gode og sikre rutinar for overgangane, både på kommunalt i nivå, og mellom kommune og fylkeskommunen. Dette er ikkje minst viktig for at elevane ikkje skal mista tid i utdanningsløpet. Informasjon til foreldregruppa, evt. med tolk, vil ofte vera nødvendig.

Kapittel 20: Kompetanse.

Hå kommune støttar alt som er sagt om manglande kompetanse, både etter- og vidareutdanning, i heile opplæringsløpet. Også her trengst det større ressursar frå sentralt hald.

Det er svært viktig med kompetanseheving av lærarar, assistentar, fagarbeidarar, av alle som jobbar med minoritetsspråklege. Dette gjeld både i forhold til innlæring av språk, språkforståelse og kulturkunnskap.

Heving av kompetansenivået til morsmålslærarar og tospråklege lærarar må få stort fokus. Det er svært viktig, særleg i tidleg alder, å arbeida med begrepsinnlæring parallelt, både på barna sitt eige morsmål og på norsk. Tospråkleg fagopplæring må vektleggjast.

Det er også viktig å auka kompetansen hos styrande organ, lærarar, skoleleiarar og skuleeigarar med omsyn til elevane sine rettar, kor ein kan be om hjelp, og om ulike modellar for organisering av opplæringa for minoritetsspråklege elevar.

Sluttkommentarar:

All opplæring er avhengig av ressursar – menneskelege og bokstavelege. Det vil alltid foregå ei prioritering i opplæringssektoren. I balanseringa mellom ordinær undervisning og ekstra norsk kan det til tider vera vanskeleg å "skifta ver og vind". Føresette, lærarar og elevar har ulike ynskje og forventningar. Desse sprikande interessene kan skapa dårlege haldningar til elevgrupper som treng si tilpassa opplæring i norskspråket.

Betre rammevilkår vil utvilsamt føra til betre resultat når det gjeld den generelle opplæringa og den sosiale og kulturelle tilnærminga i det norske samfunnet.

